



Ruth-Mari Lund
Statsm. Michelsenvei 58
5230 PARADIS

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/6335 - 14/20490

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
09.09.2014

Gbnr 137/4 Alver. Løyve til frådeling av eksisterande festenr.1.

Eigedom: Gnr.137 bnr.4 Alver
Adresse for eiged.: Kyrkjevegen 20A, 5911 Alversund
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Kenneth Alver
Søker: Kenneth Alver

Saka gjeld:

I 1993 vart det oppretta ein festetomt av Alver gnr.137 bnr.4. Festetomta fekk f.nr. 1.
I bygslingskontrakten står det at bygslaren har rett til å få skilt festetomta ut som eige bnr. Når bygselkontrakten går ut eller 137/4 skifter eigar.

Det vert no søkt om å få opprette bygseltomta som eige bnr. Bygseltomta har eit areal på om lag 380m², og er ein fritidseigedom med bygning på. Det er ein sjøeigedom ved Alvervika.

Planstatus/dispensasjonar:

Området det fritidsbustaden ligg er sett av til bustadføremål i gjeldande plan. Tiltaket det er søkt om endrar ikkje bruken av eigedommen. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst/avløp/vassforsyning:

Det vert ikkje endring i desse tilhøva om tomta vert delt frå.

Nabovarsel:

Naboane er varsle og det har ikkje komme merknad.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl. §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå festenummer 1 av gnr.137 bnr.4, slik det er søkt om i søknad stepla motteke i kommunen 20.08.2014. Bruken av arealet skal ikkje endrast.



Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 jf. §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekts eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av eksisterande festetomt gnr.137 bnr.4 f.nr.1. Tomta er på om lag 380m² og det står ein fritidsbustad der. Bruken av areala vert ikkje endra, og tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

Søknaden er vurdert og løyve til deling gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet som gjeld for Lindås kommune i 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Delingssøknad, uregulert område, andre føremål	kr.5800,-
--	-----------

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

I samsvar med reglane i Forvaltningslova §§28 flg, kan partane klage over vedtaket innan tre veker frå dei mottok melding om vedtaket.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ruth-Mari Lund

Statsm. 5230
Michelsesnvei 58

PARADIS